



Vedtekter

Innhold

VEDTEKTER.....	2
1. Eigartilhøve.....	2
2. Formål.....	2
3. Arealet i barnehagen.....	2
4. Opningstid.....	2
5. Ferie.....	3
6. Betaling.....	3
7. Misleghald.....	4
8. Opptak.....	4
9. Ansvar.....	5
10. Foreldreråd og Samarbeidsutval.....	6
11. Internkontroll.....	6
12. Politiattest.....	6
13. Teieplikt.....	6
14. Psykososialt barnehagemiljø.....	6
15. Opplysningsplikt.....	7
16. Endringar av vedtekter.....	7

VEDTEKTER

Læringsverkstedet Krikane barnehage i Sykkylven kommune

1. Eigartilhøve

Læringsverkstedet Krikane barnehage AS er eit aksjeselskap som eigast av Læringsverkstedet AS.

2. Formål

Formål er i samsvar med Lov om barnehage §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

Barnehagen drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen.

3. Arealet i barnehagen

Den rettleiande norma til Kunnskapsdepartementet for netto leike- og opphaldsareal er 5,3 m² for barn under 3 år og 4 m² for barn over 3 år. Barnehagen er godkjent for barn frå 0 - 6 år i samsvar med eit netto leike- og opphaldsareal på 353,5 m², i samsvar med Barnehagelova.

4. Opningstid

Opningstida til barnehagen er kl. 07.00 – 17.00, måndag – fredag. Behovsundersøking kan endre den endelege opningstida. Pr. 01.01.2025 er opningstida 6.45 - 16.30. Alle barn skal vere henta og ute av barnehagen innan kl. 16.30. Det blir anbefalt at barna ikkje



har lengre dagar enn 9 timar pr. dag. Dersom opningstida til barnehagen ikkje overhaldast kan det føre til tap av plass / oppseiing av plass. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julaftan og nyttårsaftan haldast stengt. Eigarstyret held barnehagen stengd i høgtider som jul- og påskeveka dersom det meldast på for lite barn, minstetalet er sett til 8 familiar. Behovsundersøking sett den endelege opningstida.

Barnehagen held stengt på 5 plandagar gjennom barnehageåret. Nærare beskjed vert gitt i god tid.

Barnehagen skal til ei kvar tid sikre forsvarleg drift. Eigar, representert ved regionleiar, kan derfor redusere opningstidene ved ekstraordinære hendingar eller omstende.

5. Ferie

Barnehagen er stengd veke 29 og 30, og open i veke 28 og 31 om behovet er tilstades. Minstetalet er sett til 8 påmeldte familiar. Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret (01.08-31.07). Tre av vekene må takast samanhengande, fortrinnsvis i juli. Den siste veka må òg takast samanhengande og meldast til barnehagen i god tid slik at bemanninga kan justerast etter behov. Om barnet har fri frå 23. desember til 2. januar og heile påska, regnast det som ei ferieveke. Foreldra skal, så snart som mogleg i april, gi melding om når barna skal ha sommarferie, og seinast innan 10. april. Dei som ikkje har svart innan fristen blir automatisk satt på fri. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeider styrar ferieliste for personalet og plan for sommar drift av barnehagen.

6. Betaling

Forfall er den 10. i kvar måned, gjeldande for inneverande måned. Det betalast for 11 månader pr barnehageår (01.08-31.07). Juli er betalingsfri måned.

Læringsverkstedet sine barnehagar følger Lov om barnehagar med «Forskrift om foreldrebetaling i barnehagen» i samsvar med føringar for makspris og moderasjonsordningar.

For informasjon om gjeldande ordning med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid – sjå den enkelte kommune si heimeside.

Kostpengar kjem i tillegg til ordinær foreldrebetaling. Sjå barnehagen sine heimesider for oppdaterte priser.

Force Majeure

Dersom barnehagen ikkje kan tilby barnehageplassen heilt eller delvis på grunn av tilhøve utanfor verksemda si kontroll, kan ikkje føresette krevje erstatning eller andre straffetiltak.



7. Misleghald

Dersom føresette, som har barn i barnehagen, bryt eller let vere å følge barnehagen sine vedtekter, retningslinjer og føreseger kan eigarstyret avgjere at barnet mister plassen. Det same gjeld ved uregelmessig eller utelatt betaling over 3 månader. Før oppseiing på grunn av betalingsmislighald, skal barnehagen skriftleg varsle føresette om konsekvensen av misleghald, samt gi ein frist på 14 dagar til å rette opp tilhøvet.

Når omsynet tilseier det kan eit barn, i særlege tilfelle, flyttast til ein annan barnehage eller bli sagt opp. Før det blir gjort vedtak om å flytte/seie opp eit barn skal det vere prøvd andre tiltak. Tiltaket skal vere drøfta med føresette. Vedtak om flytting/oppseiing gjerast sentralt i Læringsverkstedet, ikkje ved den enkelte barnehage, og i samråd med kommunen.

Dersom barnet blir henta etter den ordinære opningstida til barnehagen gjentekne gangar, kan eigarstyret vedta at barnet mister plassen. Skriftleg varsel skal då vere gitt på førehand.

Gjentekne misleghald vil kunne utgjere eit vesentleg misleghald. Ved vesentleg misleghald kan barnehageplassen seiast opp med augeblikkeleg verknad.

8. Opptak

1. Opptaksmyndigheit:

Styrar føretek opptak av barn i barnehagen.

Opptak skjer i samsvar med Lov om barnehagar § 17 med tilhøyrande forskrift.

Barnehagen følger samordna opptak i kommunen.

Klageorganet til kommunen er klageinstans dersom føresette ynskjer å klage på tildeling av barnehageplass eller mangelen på dette.

2. Opptaksperiode, oppseiing og heving:

Opptak av barn skjer heile året, men hovudsakeleg ved samordna opptaksprosess i kommunen. Styrar kan tilby barnehageplass etter kapasitet utanom samordna opptaksprosess. Avgjerda om opptak av barn i barnehagen og tildeling av ledige plassar utførast av barnehagen.

Tildelingsbrevet for barnehageplass viser plassprosent barnet er tildelt i barnehagen. Plassen kan kun disponerast pr. dagar, og kan ikkje fordelast på kortare dagar. Det er ikkje mogleg å seie opp deler av ein plass. Ynskjer ein endring i opphaldstid (til dømes redusert plass), kan ein søke om dette. Endringssøknadar vil vere med i vurderinga styrar gjer ved eventuelle endringar i barnegruppa. Pr. 01.01.2025 tilbyr Krikane kun 100% plass.

Barn som takast opp i barnehagen har plass fram til skulepliktig alder, til plassen seiast opp av foreldra/føresette eller så lenge barnehagen er i drift.

Gjensidig oppseiingstid av barnehageplassen er to -2- månadar frå den 1. i påfølgande månad. Oppseiing skal skje skriftleg.

Oppseiing frå føresette si side i tidsrommet 1. april - 31. mai gjeld ut juli månad. Dersom barnehagen får inn nytt barn i oppseiingsperioden, skal betalingsplikta i oppseiingstida reduserast etter høva.

Oppseiing frå barnehagen si side krev sakleg grunn og skal skje skriftleg. Skriftleg varsel skal vere gitt på førehand.

3. Opptakskrets:

Opptakskretsen er barn busett i Sykkylven kommune. Opptakskretsen er likevel utvida ved opptak av barn av tilsette. Barn av tilsette skal prioriterast etter barn med lovbestemt rett til prioritet, uavhengig av bustadkommune. Viss barnehagen ikkje får fylt opp barnehageplassane etter føresegnene over, vil det vurderast å ta inn barn utanom opptakskretsen.

4. Opptakskriterier:

Følgande kriterium i prioritert rekkefølge gjelder innanfor opptakskretsen:

- a. I samsvar med Lov om barnehagar §18;
Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntjenester §5-1 første ledd bokstav a-d, §3-1 og §3-4 første ledd bokstav b.

Det skal føretakast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne
- b. Barn av tilsette i Læringsverkstedet.
 - i. Barn av fast tilsette
 - ii. Barn av tilsette i lengre vikariat
- c. Barn av flyktningar/ asylsøker som har budd 3 år eller mindre i kommunen
- d. Barn som har lovfesta rett til plass ut frå alder
- e. Søsken (som har rett på barnehageplass) av barn som har plass i barnehagen.
 - i. Søsken av barn i same barnehage
 - ii. Søsken av barn i andre av Læringsverkstedet sine barnehagar
- f. Barn som søker overflytting frå ein anna Læringsverkstedet barnehage

Ved lik prioritet, etter kriteria over, avgjerast opptak ved loddtreking.

9. Ansvar

Barna er ulykkesforsikra heile døgnet, også utanom barnehagen si opningstid. Ta kontakt med barnehagen for informasjon om forsikringsvilkår.



Innbuforsikringa til barnehagen dekker kun forsikringstakars egedelar. Barnehagen er derfor ikkje ansvarleg for medbrakte egedelar ved eventuell skade/brann/tjuveri.

10. Foreldreråd og Samarbeidsutval

Foreldrerådet består av foreldre / føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet vel 2 foreldrerepresentantar til SU.

Barnehagen har eit samarbeidsutval (SU) som består av 2 representantar frå foreldra og 2 representantar frå dei tilsette i barnehagen. Foreldra og tilsette deltek med like mange representantar. Styrar i barnehagen deltek fast på samarbeidsutvalet sine møter, eigar av barnehagen, (representert ved regionleiar) kan delta ved eige ønske eller på oppfordring frå SU. Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet skal arbeide for å fremje samarbeidet mellom barnehagen og heimane. Barnehageeigar ved regionleiar/styrar skal sørge for at saker av viktigheit føreleggast foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

11. Internkontroll

Barnehagen har internkontroll for å sikre at krava i Lov om barnehagar §9 med forskrift følgast. Barnehagen nyttar PBL Mentor som internkontrollsystem.

12. Politiattest

Alle tilsette må legge fram politiattest før tiltreding av stillinga, jf. Lov om barnehagar §30.

13. Teieplikt

I følge § 44 i "Lov om barnehagar" har alle som arbeidar i barnehagen teieplikt. Eigarane har òg teieplikt.

14. Psykososialt barnehagemiljø

§ 41-43 i Lov om barnehagar handlar om det psykososiale barnehagemiljøet til barna og presiserer at det er nulltoleranse for mobbing, utestenging, trakassering, diskriminering og andre krenkingar.

15. Opplysningsplikt

I følge § 45-46 i Lov om barnehagar har alle som arbeidar i barnehagen opplysningsplikt til barneverntenesta, sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta.

§ 46 pålegg ein kvar som utfører teneste eller arbeid etter denne lova å vere merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta utan ugrunna opphald.

Ein kvar som utfører teneste eller arbeidar etter denne lova, plikter også å gi opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevernlova §13-4.

16. Endringar av vedtekter

Eigarstyret kan endre retningslinjer for drifta av barnehagen etter at endringsforslaget er førelagt samarbeidsutvalet til uttale. Disse vedtektene er vedtatt av eigarstyret 15.01.2025.